

Møtereferat etter møte styringsgruppa 15.1 2018

I kommunestyremøte 14.12 2017, sak 89/17, fekk styringsgruppa fylgjande oppdrag:
«Kommunestyret ber om at plan for badeanlegg må koplust arbeidsmessig til skule- og helseutbygging og drøftast i styringsgruppa for ny skule- og helseutbygging, jfr. behandling i Formannskapet 28. November 2017. Kommunestyret ber om konkretisering av badeanlegget sin plassering, synergjar, storleik og kommunen sitt behov når det gjeld opplæring og behandling. Kommunestyret ber rådmann leggje til rette for ein studietur til Flesberg, og eit eige møte i Formannskapet der denne saka vert drøfta nærmare, så raskt som mogeleg»
Det vert etablert ei politisk sak til fyrstkommande kommunestyremøte.

Styringsgruppa gjorde vurderingar rundt økonomisk ryggrad for å møte alle investeringsbehova innan helse/omsorg og oppvekst. Kor stor vert folketalsveksten? Kor mykje vil eigedomsskatt tilføre kommunen av inntekter? Dette er 2 av mange usikkerhetsmoment. Uansett, nøysemd vert viktig.

Kvar skal helsetenestene ligge. Det er truleg 4 alternativ. Ved dagens helsesenter, mellom skulen og bygdaheimen, øst for bygdaheimen eller på Slettoeigedomen.

Administrasjon får i oppgåve fram til møte 21.2 2018:

- Definere behova og når dei kjem.
- Vurderingar rundt dei 4 alternativa. Trafikk og driftsmessige gode løysingar er 2 sentrale punkt som må vurderast.

Administrasjon lager ein kort statusrapport rundt helse og omsorgsbehov til fyrstkommande kommunestyremøte. Styringsgruppa ber om litt lengre tid.

Arbeid til neste møte:

Administrasjon skal fram til neste møte kartlegge behova innan helse. Når kjem dei, og best plassering mm.

Vidare møteplan:

21.2 kl 13:00 – 16:00. Møterom Skogshorn

Odd Magne Anderdal
Referent